

Til det tredje riket.

4. november 1943, unionsdagen, skulde me føre avsted til Tyskland. Leirkommandanten på Grini hadde halde tale for oss kvelden før, og sagt at me kom til ein vakrere plass enn Grini. Som trøst gav han os kvar sitt stykke skråtobakk, som eg fluksens gav til sidemannen min Ingebrgtsen. 56 menn skulde av garde. Erling Heide la seg sjuk i siste øyeblikk, men det var streng ordre om at han og skulde møte. Han kom til slutt, og eg kunde ikkje sjå at han leid av noko sykje. Derimot såg eg at det var nokre som kasta opp då dei stod oppstilte. Ein episode frå oppstillinga står endå klårt fyre meg: Ein av dei som ikkje skulde til Tyskland går fram og kviskrar noko i øyre til ein som skal reise. Denzer - leirkommandanten- oppdagar dette, og skrik opp at han får ha seg vekk. Mannen reagerar ikkje på det. So tek ein av hjelpesmennene til Denzer opp ei lyklehank og kaster på mannen og råkar han på kinnet so han blør. Det var godt kasta seier Denzer og lær godt. ~~Fxxxxxxkxxxx~~ Frå mi brøkke reiser Nilsen - kommunisten frå bergen- saman med meg. Nilsen har vore i Rusland, og kan russisk, men han er ikkje av desse sjølgoda kommunistane, som dyrkar Stalin. Før reisa fekk me kvar 60 kroner i norske pengar, som me måtte gøyme i sokkane. Eg kunde ikkje skjønne kvifor me skulde bruke dei til. Det sveiv fyre meg at kanskje var det ein utveg til røming før me kom ombord på skipet. Me takka Nordås for godt selskap, han tykte vist synd i oss. Lite visste me då at han skulde snart kome etter, og aldri kome heim att.

Det var norsk sjåffør som kørde oss til skipet. Endå me hadde vakt med. tala han fritt med oss. Han sa at han hadde ein son på Grini, og at han vone at ikkje han var med i sendinga. Det var han visst ikkje heller. Oppstilling og marsj ombord i "Gothenland!", ein stor lastebåt. Ingen sjanse til røming. Alt klaffar for tyskerane. Livbelte på. Under dekk til me kjem til Drøbak.

Me får sjå Ytre Oslofjord i den grå haustdagen, med stille ver og ingen dynning. Ved Færder vert det flyalarm. Under dekk att. Dei skyt frå skipet og frå ein liten rotortorpedobåt som fylgjer. Dersom skipet får ei bombe har me ikkje store sjansar til å berge livet. Men det kom ikkje noko bombe.

Lasterommet som me er i er stort og romleg, og det er laga til køyar til alle., 3 i høgde. Forutan oss er det over 100 tyskarar, og me er ikkje lite forundra då dei seier at dei er fangar dei som me, det held på å bli stor forbrødring alt, dei pratar og spelar sjakk. Forpleining fyrsteklasses. Til jiddag rissupe med kjøtbitar i, den tyske Eintopf, og det sraka herleg for ein som var van med stormsupa på Grini. Me kunde hente supe so lenge dei hadde. og kvar av oss sette til livs heile 3 porsjonar. Humøret var straks betre. Til kvelds vart det delt ut brød og smør, store porsjonar, godt brød og dansk meierismør. Utruleg. Eg fekk ein kopp full av smør til overs. Av dei eg hadde arbeidt i lag med var Rambeck, kaptein i heren, sekretar i Lægeforeningen. Me heldt lag og låg i ein køy. Då han ikkje hadde med seg noko til hente supe i. fekk han låne ein talerk hjå meg. Denne tallerken kom heil og halden inn i leiren, gjennom avlusinga, saman med smørkoppen. Men smøret i koppen vart oppete av ein russar som stal det ei natt i mottakingsbrakka.

Me fekk lov til å gå på dekk om kvelden. ~~Dxx~~ Me såg svenska kysten, og då det vart myrkt, såg me ljøsken frå byane der inne. Ein ljøske som var større enn andre var truleg Gøteborg. Veret var utifrå fint. Hadde eg hatt ein liten båt, vilde eg ikkje kvitt meg med å setje segl i den vesle brisen og sigle inn til Sverige. På danskekysten såg me berre fyrlyos i rad og rekkje. Båten gjekk med liten fart om natta, ja stundom trur eg han låg heilt roleg. Då me om morgnen kom ned til Øresund, heldt dei på å sveipe miner, og det var visst kasta ned noko miner frå fly om natta. I grålysinga gjekk me tett framom eit skip som låg for anker. Det hadde vore ei lett sak og hoppa ut med livbelte på og sumt over til denne båten, men dei heldt nok vakt ombord, so du fekk deg vel ei kule i kroppen. København såg me på avstand, me stogga ikkje der. Midt i Øresund låg øya Ven, som er svensk. Ho er høg, og det er ei mengd sandtak på øya. Me siglde tett framom henne. på bakbord hadde me Skåne flatt og lågt, so vidt me kunde skimte det over havflata, heile dagen, sinare såg me ei øy med fjell, det måtte vere Bornholm. Rambeck meinat at me kunde ikkje sjå so langt som til Bornholm, men noko anna kunde det ikkje vere. Veret var klårt. På styrbord hadde me Møns klint, som er sermerkt sidan den går stupbratt i havet. Eg tykte ~~dxx~~ klinten likna Skrikeberget.

so var det natt att over Østersjøen. Leide var oppmerkt med bøyer heile vegen. Om morgonen vart det noko oppstyr hjå tyskarane. Ei tre fire mann kom inn og sette lekkjer på ein av tyskarane, både på hender og føter. Det var noko uforståeleg for oss, sidan han ropte ut "fordømte nordmenn". Sidan fekk me greide på av dei andre tyskarane at denne mannen hadde skrøytt av at når dei kom nær land, vilde han hoppe over bord og symje i Land, det skulde vere ei smal sak det. For å hindre dette, var det dei sette lekkjer på han. Mannen skulda nordmennene for å ha sladra, noko som sikkert var heilt urett.

Stettin. Det er ein by med borgmur, var vår fyrste reaksjon. ~~Øxxxix~~ Berre gamle menneskje å sjå. Trøytt, modlause ser dei ut, og skinnmagre. Me marsjarar oppover tvert gjenom borgmuren, og gjenom gater med utbomaba hus, gæssplitteret ligg alle stad i gatene, og vert møtteke i fengslet i Elisabetstrasse.